


Returadresse:
Pirion
Næringsbedet
i Vatlandsvåg
4235 Hebnes
NORGE

B

P.P.



www.pirion.no



nr. 7 - 2011
Pirion
- kulturavis for barnehagar og skular

PIT PARION

TO TOMLAR OPP FOR HENRIK AND



Hege Myklebust er prosjektleder for den nynorske barnelitteraturfestivalen Falturiltu


Henrik And seier at han er ei heilt vanleg and, men det er han ikkje. Han er kanskje den tøf-faste anda eg kjenner, og det seier ikkje lite.

Henrik And vil nemleg gjerne vera noko meir enn berre ei and! Alle dei andre dyra kan jo så mykje som ikkje ender kan? Samstundes er det no alltid nokre ulemper og med å vera eit anna dyr, så Henrik finn heldigvis ut til slutt at han har lyst til å vera

ei and likevel, og at det slett ikkje er så verst.

Henrik kom ut mellom to permar no i haust, på Samlaget si haustlansering. Der vart han i tillegg delt ut til alle som møtte opp, og grunnen til den æra er nok at Henrik har ein heilt eigen sjarm. Kven kan vel stå for Henrik mark som slår knute på seg, eller Henrik hund med hovudet ut bilvindaug, med tunge og øyre flaksande i vinden?

I dagens teknologilabyrint finst det mange måtar å laga flotte illustrasjonar til barnebøker på, men Henrik er skapt med blekk, saks og papir av ulike typar og fargar. Både Henrik og omgjevnadene er teikna og klypte ut, og limte saman lag på lag i flotte kollasjar.



Ja, no har eg røpa både det eine og det andre, men framleis er det mange nydelege bilete og fiffge detaljar du kan oppdaga saman med små vener, igjen og igjen. Så ei heilt vanleg and er Henrik ikkje – men verd å møta, det er han. Sjå fram til mange gode lesestunder saman med Henrik And. To tomlar opp!

(Og om du likar Henrik And, så kan du lika han på fjesboka og: <https://www.facebook.com/pages/Henrik-And/112997292136415>)

Av Hege Myklebust

Illustrasjon henta frå Henrik And av Anna R. Folkestad Samlaget 2011

OLE BRUM,
OLA TVEITEN ELLER BARBIE,
KOR HENTAR BARNA
OPPLEVINGAR FRÅ?

Pirion -kurs Les meir på www.pirion.no

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

PIRION ER STØTTA AV KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION 7/2011, 12. årgangen – ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 84, faks 52 79 04 81. Heimeside: www.pirion.no Ansvarleg redaktør: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, mob. 97 19 47 88 E-post: pirion@pirion.no Korrektur: Dag Gjerde Formgeving: Salikat design



Henrik Voll Tunge som pressefotograf under sommer-OL i Grødem barnehage i mai. Borna dokumenterte helle prosessen sjølv.
© Grødem barnehage

IKT-PROSJEKT PÅ TVERS AV LANDEGRENSER

Grødem barnehage på Randaberg er klar for eit prøveprosjekt i IKT i samarbeid med barnehagar i Trondheim og på Island. TEKST: ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND



illustrasjonsfoto: Astrid E. Hjelmeland

iPad med appen Sound-touch, der borna ser bilete og får lyd når dei peikar på biletet.
© Grødem barnehage.



 IKT-PROSJEKT PÅ TVERS AV LANDEGRENSER...

Barnehagen fekk i mai høve til å delta på ein nordisk eTwinning-konferanse på Gotland i Sverige, der tema var IKT i barnehagen med bruk av naturen rundt deg. Denne samlinga har resultert i at Grødem, Asborg og Hlidarendi (Island) og Klæbu barnehage (Trondheim) har gått saman om eit eittårig prøveprosjekt i IKT.

— Alt handlar om å ha tru på ungen, seier pedagogisk leiar på småbarnavdelinga, Karianne Sunde.

Borna skal dokumentera eit bestemt naturområde i nærleiken av barnehagen ved hjelp av bilete. Dette skal jamleg utvekslast og hengast opp i barnehagen for å sjå på

ulikskepar og likskepar på tvers av landegrensene.

— Ei problemstilling er til dømes kva slags klima ein har på dei ulike stadane, fortel Sunde.

Prosjektet, som går på tvers av kommune- og landegrensar, varer eit år, og samlingar og deling av erfaring blir gjort via den nettbaserte telefontenesta Skype. Via prosjektet vil boma og leiinga dela erfaringar med bruken av IKT, få erfaringar via eTwinning-portalen, og borna vil få læra meir om heimstaden til dei andre deltakarbarnehagane.

Brukar digitale verktoy

Barnehagen er ikkje ukjend med å nytta digitale verktoy. Dei har allereie foto-, video- og datautstyr. Nå har dei også kjøpt ein iPad (eit nettbrett). Med denne kan også dei yngste i småbarnsavdelinga få kjennskap til bruken av digitale middel. Sunde har sjølv eit barn som har leika seg med iPad sidan 14-månadersalderen.

— Fordelen med iPad er at ein ikkje treng handtera ei mus, fortel ho. I staden nyttar

ein fingrane og trykkjer på skjermen. Borna får òg rask respons når ein til dømes peikar på ulike dyr og anna i andre program som vi nyttar når vi jobbar med iPaden. Nokre av programma dei nyttar, er SoundTouch, Kidzblox og Kidzofon. Sunde understrekar at det er viktig å nytta norske program, men førebels er det ikkje laga så mange av dei.

Rask utvikling

Barnehagen ville delta på konferansen for å auka fokuset på bruken av IKT i barnehagen.

— Me må hengja med i samfunnsutviklinga, seier Sunde. Ho har erfaring med at bruken av digitale verktoy kan opplevast som skremmande og utfordrande for mange, og at fleire vaksne kvir seg for å læra seg å bruka verktoya. Medan borna byrjar å bruka alt nytt, skal me vaksne «kunne» det fyrst.

— Det er utfordringar med alt, understrekar Sunde. Men ved «learning by doing» er det ikkje så vanskeleg. Meistringsgleda er stor for både vaksne og barn som klarar å handtera både kamera og data, avsluttar ho.

FAKTA:

IPAD/NETTBRETT

iPad er eit nettbrett frå Apple. Ein brukar fingrane til å navigera seg rundt på brettet. I følgje bloggen til Barbro Hardersen, rådgjevar i medietilsynet, brukar mange barnehagar interaktive skjermar allereie. Ho skriv at fordelene med å la borna utforska på interaktive skjermar er det taktile, det vil seia at borna brukar fingrane til å utforska objekt og element i staden for tastatur, mus eller digital penn. Teknologien gir respons med ein gong og derfor nye høve innan leik og læring. Erfaringane så langt er at borna held fokus lenger via eit nettbrett enn ved andre typar samspel. Kjelde: <http://blogg.iktsenteret.no/content/201109/nettbrett-i-barnehagen>

SKYPE

Skype er eit dataprogram som blir brukt til IP-telefoni.

eTWINNING

Samfunnet for dei europeiske skulane. Dei nordiske landa har årleg eit eige arbeidsseminar som skal fremja nordisk kultur- og språkforståing i arbeid med eit gitt tema. (www.etwinning.net)

”SKUMLE-MEG, SKREM-MEG”

Børre er ikkje som alle andre spøkelse. Medan alle dei andre spøkelsa spøkjer i skogen som er mørkare enn mørk og audare enn aud, står Børre skjelvande igjen. Han likar ikkje skogen, og han føler seg altfor liten til å spøkje på desse store stadene som dei andre spøkelsa likar.

Med enkle teikningar og få ord følgjer me Børre på hans farefulle ferd gjennom skogen. Her møtar han mellom anna ein stor sluke-meg-slange, ein enorm kvele-meg-slange og ein kjempestor frese-meg-drake. Men Børre er smart, og klarar å komme seg gjennom heile skogen til han til slutt finn eit hyggeleg lite slott å spøkje i. Her finn han ein konge og ei dronning

som blir redde kvar gong han skremmer dei. Nå vil aldri Børre føle seg liten og utrygg igjen!

Klar, ferdig, spøk! klarar å formidle ei historie som er skummel og søt på same tid. Boka sine setningar snirklar seg frå ei side til den neste, slik at både lesaren og Børre lurar på kva som ventar rundt neste sving. Dei mørke, men samtidig leikne teikningane er med på å skape ei akkurat passeleg skummel stemning der ein sit i armkroken.

Det beste med denne biletboka er at alle kjenner seg igjen i Børre sine redslar, anten det er redsel for mørke eller redsel for å ikkje vera like god som dei andre. Med eit umoraliserande språk forstår lesaren



Klar, ferdig, spøk!
Av: Elizabeth Baguley
Illustrasjonar: Marion Lindsey
Samlaget (2011)

likevel at det er heilt greitt å vera usikker, og at det ikkje gjer noko at ein føler seg liten av og til. Og så er det litt godt å få vite at til og med spøkelse kan vere litt redde i blant.

Anita Svendheim

MØT POLITIHUNDEN FALK I NY SPENNINGSSERIE

Det er første dag på jobben for politihunden Falk, og allereie i bilen får han beskjed om at det har vore hærverk på barneskulen. Når Falk og politidama hans møter opp, er vindaug knust og nettingen på fotballmålet skoren opp. Klarar Falk å finne dei som står bak?

Politihunden Falk til teneste er den første boka i ein heilt ny spenningsserie for born i 8-10-årsalderen. Her blir ein kjend med hunden Falk, som nettopp er ferdig opplært og klar for sitt arbeid i politiet saman med politidama han bur hjå. Falk er ein av dei aller flinkaste politihundene, men


i dag møter etterforskarparet ei heilt ny utfordring. Det har vore hærverk på skulen, og politiet treng Falk si hjelp til å snuse opp sporet. No skal han vise kva han er god for!

Forfatternen har sjølv erfaring frå politiet, noko som viser godt igjen i boka. Her får lesaren innblikk i politiet sin kvardag, der meldingar går over politiradioen, og bevismateriale må leggjast i eigne plastposar. Tone Nærvåg har klart å skape ei historie som er spanande, samstundes som ho ikkje er skummel, då humor og forholdet mellom etterforskarparet kjem tydeleg fram innimellom spenningstoppane.

Med enkel ordbruk og konkret skrivestil skapar ho ei historie som vil fengje spennings-søkjande born.

Teikningar med enkel strek fyller ei og annan halvside. Slik blir historia meir levande, og det blir enklare å sjå føre seg kva Falk møter på i si jakt på gjerningsmannen. Bakarst i boka får ein til og med oppskrifta på Falk-sveler, som ein kan lage i håp om å ein dag bli like tøff som sjølvaste politihunden Falk!

Anita Svendheim



Av Tone Nærvåg
Samlaget 2011